



Fjord kommune

Møteprotokoll

Utval: Viltutval
Møtestad: Rådhuset i Valldal
Dato: 02.06.2026
Tid: Kl. 17:00 - 20:00

Medlemmer:	Parti
Bjørn Helge Rønneberg	
Henriette Sortehaug	
Rune Hårberg	
Kjell Magne Moe	Frp

Forfall:	Parti
----------	-------

Stein Harald Døving	
Johan Arnt Overøye	H

Vara som ikkje kunne møte;
Jan Erik Vad
Oddgeir Grønning
Per-Andre Rønneberg

Det er ikkje vald inn ny representant etter politisk fristilling av ein kandidat

Bjørn Helge Rønneberg
leiar

Hilde Dyrkorn
sekretær

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel
009/26	Godkjenning av møtebok
010/26	Orienteringssaker
002/26	Orientering og drøfting knytt til innlemming av Liabygda i Fjord kommune
003/26	Orienteringssaker møte i Viltutvalet 2.juni 2026
004/26	Valldal ettersøksring
011/26	Behandling av klage på vedtak om felling av kanadagås i Fjord kommune
012/26	Tildeling av fellingsløyve for Elg
013/26	Tildeling av fellingsløyve for Hjort 2026
014/26	Tildeling av fellingsløyve Rådyr 2026

Leiar i viltutvalet ynskte velkomen og informerar om inkomne spørsmål til utvalet:

- Rypetaksering, treng innspel frå grunneigarar om ein skal handle.
- Fjellvatn, må også kome som innspel frå grunneigarar.
- Orrespel endrar seg grunna trafikk til StikkUt. Likevel er ein positiv til stikk ut når dette er vurdert og avklart med grunneigarar.
- Viltutvalet vil sende ein merknad til valnemnda ang kommunevalet neste år. Ein må velje medlemmar og varamedlemmar som viser stor interesse for viltforvaltninga. Samtidig må kandidatar som stiller til val vere tilgjengelege på vekedagar /tidlig kveld.

Leiar etterspør status på viltfondet og ønskjer saka på nytt i neste møte. Det var også handsama i møtet 4.mars 2026 sak 008/26 og lagt fram med status der ein per 31.12.2025 hadde ein saldo på kr. 299 088,82.

Leiar gjer ellers merksam på at ein i god tid før jakta må sende ut informasjonsskriv angående auka frekvens på tilsyn og oppfølging av jakta hausten 2026. Det skal utførast kontrollar med billedokumentasjon eller fysisk oppmøte for å sjekke at rette dyr som vert meldt inn.

009/26: Godkjenning av møtebok

Kommunedirektøren si innstilling:

Møtebok frå førre møte vert godkjent.

Viltutval 02.06.2026:

Behandling:

Møtebok frå førre møte vart godkjent.

VILT- 009/26 Vedtak:

Møtebok frå førre møte vart godkjent.

010/26: Orienteringssaker

Kommunedirektøren si innstilling:

Orienteringssakene blir tatt til orientering.

Viltutval 02.06.2026:

Behandling:

Orienteringssakene vert teke til vitande.

VILT- 010/26 Vedtak:

Orienteringssakene vert teke til vitande.

002/26: Orientering og drøfting knytt til innlemming av Liabygda i Fjord kommune

Kommunedirektøren si innstilling:

Det vert invitert til orientering og drøfting med Liabygda i Viltutvalet sitt møte 2.juni 2027. Styret i valdet Liabygda, samt interreserte jaktutøvarar står fritt til å delta og kome med innspel i drøftingane.

Viltutval 02.06.2026:

Behandling:

Orientering og drøfting knytt til innlemming av Liabygda i Fjord kommune.

Liabygda Hjortevald stiller med Njål Holebakk som representant for valdet. Han er nylald inn i valdstyret, og kunne orientere om at Liabygda her eit hjortevald med 6 jaktfelt. Dei har ein driftsplan som no skal godkjennast på nytt.

Liabygda har eit minteareal for Hjort på 300 daa. For Rådyr er dette 1500 daa.

Holebakk uttalar at ein over år har hatt for mykje dyr i marka, og dermed for mange igjen på vinterbeite. Det fører til ein del skrapdyr, og som eksempel på Lied, har ein stor tettheit av eldre bukk. Det har vore rapportert om skadar på innmark, og det har løyst ut skadefelling ved fleire høve.

Statistikk Liabygda Hjortevald:

Jaktår	Felte hann kalver	Felte hunn kalver	Felte 1-årige hanner	Felte 1-årige hunner	Felte eldre hanner	Felte eldre hunner	Tildelt totalt	Felte totalt	Fellings prosent
2021	5	8	8	10	6	18	100	55	55
2022	7	5	3	6	6	12	74	39	53
2023	5	8	2	8	6	15	74	44	59
2024	14	16	5	15	14	19	74	83	112
2025	12	7	7	7	11	16	74	60	81

Viltutvalet informerar om korleis ein har rigga seg i Fjord kommune. Her er eit viltutval med 7 faste medlemar og tre vara. Desse er alle oppnevnt av valnemnda og val er gjort av kommunestyret i k.sak 103/23. Fjord kommune sine medlemmar i Viltutvalet er frå bygdene Tafjord, Eidsdal, Valldal, Norddal og to frå Stordal. Vara er to frå Stordal og ein frå Eidsdal. Eitt medlem frå Valldal har søkt, og fått fritak frå politisk verv ut perioden. Utvalet har 2-3 møter i eit normalår. Ved revisjon av strategidokument må ein forvente fleire møter. Det er knytt delar av ei sekretærstilling til Viltutvalet i Fjord kommune.

Viltutvalet har delegering frå kommunestyret jamfør sak 007/20 Viltforvaltning i Fjord kommune-organisering og ansvar. (kommunestyret 05.02.2020) Og i delegeringsreglementet.

Viltutvalet uttalar at etter kommunevalet 2027, bør det velgast kandidatar frå Liabygda inn i det nye Viltutvalet. Det kan vere politiske kandidatar eller folkevalgte som har interesse for jakt og fangst.

I tida fram mot 1.1.27 og vidare framover, vil ein halde god kontakt med Liabygda Hjortevald, og samhandle om fleire saker.

Dette gjeld blant anna revisjon av minsteareal for Rådyr, Hjort og Elg i Fjord kommune - med Liabygda.

Det gjeld også Strategi og målsetjing for hjorteviltforvaltninga i Fjord kommune 2027-2031.

Det gjeld forskrift om opning av jakt, minsteareal og fellingsavgift gjeldande i dei nye kommunegrensene.

Det gjeld informasjonsdeling og arbeid mot betre forvaltning, fleire og større bestandsplanområder og tilsynsordningar i forvaltninga.

Liabygda Hjortevald vert oppmoda om å undersøke kva organisering dei ser føre seg. Viltutvalet oppmodar til samhandling med eksempelvis Stordal bestandsplanområde som i dag består av to vald. Med Liabygda vil dei verte tre vald i eit bestandsplanområde. Det kan og vere mulig å få til eit bestandsplanområde for Valldal saman med Liabygda, eller ein kan tenkje endå større om ein vil. Ein ber Liabygda sette seg inn i forskjellar knytt til bestandsplanområder, kontra det å stå som eit eige vald.

Viltutvlet i Fjord ser fram til godt samarbeid vidare.

VILT- 002/26 Vedtak:

Orientering og drøfting knytt til innlemming av Liabygda i Fjord kommune.

Liabygda Hjortevald stiller med Njål Holebakk som representant for valdet. Han er nylald inn i valdstyret, og kunne orientere om at Liabygda her eit hjortevald med 6 jaktfelt. Dei har ein driftsplan som no skal godkjennast på nytt.

Liabygda har eit minteareal for Hjort på 300 daa. For Rådyr er dette 1500 daa.

Holebakk uttalar at ein over år har hatt for mykje dyr i marka, og dermed for mange igjen på vinterbeite. Det fører til ein del skrapdyr, og som eksempel på Lied, har ein stor tettheit av eldre bukk. Det har vore rapportert om skadar på innmark, og det har løyst ut skadefelling ved fleire høve.

Statistikk Liabygda Hjortevald:

Jaktår	Felte hann kalver	Felte hunn kalver	Felte 1-årige hanner	Felte 1-årige hunner	Felte eldre hanner	Felte eldre hunner	Tildelt totalt	Felte totalt	Fellings prosent
2021	5	8	8	10	6	18	100	55	55
2022	7	5	3	6	6	12	74	39	53
2023	5	8	2	8	6	15	74	44	59
2024	14	16	5	15	14	19	74	83	112
2025	12	7	7	7	11	16	74	60	81

Viltutvalet informerar om korleis ein har rigga seg i Fjord kommune. Her er eit viltutval med 7 faste medlemar og tre vara. Desse er alle oppnevnt av valnemnda og val er gjort av kommunestyret i k.sak 103/23. Fjord kommune sine medlemmar i Viltutvalet er frå bygdene Tafjord, Eidsdal, Valldal, Norddal og to frå Stordal. Vara er to frå Stordal og ein frå Eidsdal. Eitt medlem frå Valldal har søkt, og fått fritak frå politisk verv ut perioden. Utvalet har 2-3 møter i eit normalår. Ved revisjon av strategidokument må ein forvente fleire møter. Det er knytt delar av ei sekretærstilling til Viltutvalet i Fjord kommune.

Viltutvalet har delegering frå kommunestyret jamfør sak 007/20 Viltforvaltning i Fjord kommune-organisering og ansvar. (kommunestyret 05.02.2020) Og i delegeringsreglementet.

Viltutvalet uttalar at etter kommunevalet 2027, bør det velgast kandidatar frå Liabygda inn i det nye Viltutvalet. Det kan vere politiske kandidatar eller folkevalgte som har interesse for jakt og fangst.

I tida fram mot 1.1.27 og vidare framover, vil ein halde god kontakt med Liabygda Hjortevald, og samhandle om fleire saker.

Dette gjeld blant anna revisjon av minsteareal for Rådyr, Hjort og Elg i Fjord kommune - med Liabygda.

Det gjeld også Strategi og målsetjing for hjorteviltforvaltninga i Fjord kommune 2027-2031.

Det gjeld forskrift om opning av jakt, minsteareal og fellingsavgift gjeldande i dei nye kommunegrensene.

Det gjeld informasjonsdeling og arbeid mot betre forvaltning, fleire og større bestandsplanområder og tilsynsordningar i forvaltninga.

Liabygda Hjortevald vert oppmoda om å undersøke kva organisering dei ser føre seg. Viltutvalet oppmodar til samhandling med eksempelvis Stordal bestandsplanområde som i dag består av to vald. Med Liabygda vil dei verte tre vald i eit bestandsplanområde. Det kan og vere mulig å få til eit bestandsplanområde for Valldal saman med Liabygda, eller ein kan tenkje endå større om ein vil. Ein ber Liabygda sette seg inn i forskjellar knytt til bestandsplanområder, kontra det å stå som eit eige vald.

Viltutvlet i Fjord ser fram til godt samarbeid vidare.

003/26: Orienteringssaker møte i Viltutvalet 2.juni 2026

Kommunedirektøren si innstilling:

Orienteringane vert teke til vitande.

Viltutval 02.06.2026:

Behandling:

Orienteringssakene vert teke til vitande.

VILT- 003/26 Vedtak:

Orienteringssakene vert teke til vitande.

004/26: Valldal ettersøksring

Viltutval 02.06.2026:

Behandling:

Rapport frå Valldal Ettersøksring for jaktåret 25/26 vart gjennomgått.

VILT- 004/26 Vedtak:

Rapport frå Valldal Ettersøksring vart tatt til vitande.

011/26: Behandling av klage på vedtak om felling av kanadagås i Fjord kommune

Kommunedirektøren si innstilling:

Viltutvalet vedtek ei endring i beslutning om felling av kanadagjæser i dei avgrensa områda der ein presiserar uttaket til å vere inntil 10 kanadagjæser.

Viltutval 02.06.2026:

Behandling:

Einstemig vedteke som innstillt.

Viltutvalet vedtek ei endring i beslutning om felling av kanadagjæser i dei avgrensa områda der ein presiserar uttaket til å vere inntil 10 kanadagjæser.

VILT- 011/26 Vedtak:

Einstemig vedteke som innstillinga.

012/26: Tildeling av fellingsløyve for Elg

Kommunedirektøren si innstilling:

Fjord kommune gjev fellingsløyve for Elg med slik fordeling for jaktåret 2026-2027

To vaksne elgoksar, ei vaksa elgku og ein kalv. Kalv kan fellast i staden for vaksen jamfør §18 i Hjorteviltforskrifta.

Nr.	Vald	daa	Minsteareal ved tildeling	Kalv	Vaksen hodyr	Vaksen hanndyr
91	Kaldhuseter/Kaldhusdal m.fl	37009	15 000	1	1	1
99	Herdalen	17015	15 000	0	0	1

Viltutval 02.06.2026:

Behandling:

Fjord kommune gjev fellingsløyve for Elg med slik fordeling for jaktåret 2026-2027. To vaksne elgoksar, ei vaksa elgku og ein kalv. Kalv kan fellast i staden for vaksen jamfør §18 i Hjorteviltforskrifta.

Nr.	Vald	daa	Minsteareal ved tildeling	Kalv	Vaksen hodyr	Vaksen hanndyr
91	Kaldhuseter/Kaldhusdal m.fl	37009	15 000	1	1	1
99	Herdalen	17015	15 000	0	0	1

VILT- 012/26 Vedtak:

Einstemmig vedteke som innstillinga.

013/26: Tildeling av fellingsløyve for Hjort 2026

Kommunedirektøren si innstilling:

Med heimel i hjorteviltforskrifta § 18 tildeler Fjord kommune fellingsløyve på hjort for 2026 etter følgjande avskytingsmodell.

Tildeling av hjorteløyver utanom bestandsplanområda 2026						Manuell fordeling etter avskytingsmodell				
Nr	Vald	Daa	Minsteareal ved tildeling'	Teknisk tildeling 2022	Avrunda tildeling **	35 %	33 %	17 %	15 %	Summert
						Kalv	Kolle	Spissbukk	Bukk	
3	Skotet	5858	400	14,65	14	5	5	2	2	14
30	Viken	2904	1100	2,64	2	1	0	1	0	2
39	Korsnes	2343	1100	2,13	2	0	1	0	1	2
40	Kastet	2149	1100	1,95	1	0	1	0	0	1
41	Osvik	2482	1100	2,26	2	0	1	0	1	2
42	Dale	15330	1100	13,94	13	4	4	3	2	13
44	Engeset	7216	1100	6,56	6	2	2	1	1	6
45	elling/Dalhu	8089	1100	7,35	7	3	2	1	1	7
51	Indreeide	6475	600	10,79	10	4	2	2	2	10
52	Skuset	4430	600	7,38	7	2	3	1	1	7
58	Verpesdal	5166	600	8,61	8	3	2	2	1	8
59	Skrenakken	2726	600	4,54	4	2	1	1	0	4
95	Raudbergvika	1881	600	3,14	3	1	2	0	0	3
	Totalt	67049		85,94	79	27	26	14	12	79
					Prosent	34,18	32,91	17,72	15,19	

* Minsteareal i fet skrift markerer at § 7 i hjorteforskrifta er nytte ved tildeling

** Rettleiar til forskrift om forvaltning av hjortevilt, s 28, fastsett at kommunen skal runde ned til nærmeste heile tal.

Viltutval 02.06.2026:

Behandling:

Einstemmig vedteke som innstillinga.

VILT- 013/26 Vedtak:

Einstemmig vedteke som innstillinga.

014/26: Tildeling av fellingsløyve Rådyr 2026**Kommunedirektøren si innstilling:**

Fjord kommune vedtek med heimel i forskrift om forvaltning av hjortevilt § 20, å tildele fellingsløyve til godkjente rådyrvald utan kvotefri jakt etter gjeldande minsteareal for 2026 .Bestandsplanområda har kvotefri jakt på rådyr.

Viltutval 02.06.2026:**Behandling:**

Einstemmig vedteke som innstillinga.

Nr	Vald	Teljande areal	Tal fellingsløyver
42	Dale	15330	10
44	Engeset	7216	4
45	Relling/Dalhus	8089	5
95	Raudbergvika	1881	1
Totalt		38453	20

VILT- 014/26 Vedtak:

Einstemmig vedteke som innstillinga.

Nr	Vald	Teljande areal	Tal fellingsløyver
42	Dale	15330	10
44	Engeset	7216	4
45	Relling/Dalhus	8089	5
95	Raudbergvika	1881	1
Totalt		38453	20